

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 14/3208-1

Planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt i Sogn og Fjordane for perioden 2015-2017

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Framlegget til planleggingsprogram for fylkesvegnettet vert godkjent slik det ligg føre i vedlegg.
2. Årlege planleggingsmidlar vert å fordele i samband med handsaminga av dei årlege budsjetta.

Vedlegg:

Framlegg til planleggingsprogram for perioden 2015-2017(23)
Brev frå Midtvegen 615 AS

Andre dokument som ikkje ligg ved:

HS-sak 13/14 Budsjett 2014 – Fordeling av planleggingsmidlar fylkesveg
FT-sak 55/13 Budsjett 2014/Økonomiplan 2014-2017
FT-sak 46/13 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014-2023
Rammeavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Statens vegvesen region vest
FT-sak 35/10 Planleggingsprogram fylkesvegnettet 2011-2013
Rapport «Fastlandssamband for Atløy. Oppgradert kostnadsoverslag og vurdering av alternativ»

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Fylkestinget godkjende Regional transportplan for Sogn og Fjordane i møte 10. desember, FT-sak 46/13. Basert på dette vedtaket, samt budsjett for 2014 og økonomiplan for 2014-17, handsama hovudutvalet for samferdsle sak om fordeling av løyvde planleggingsmidlar for 2014 i møte 12. februar 2014. I saksframlegget stod det at vi skulle koma attende med sak om planleggingsprogram for perioden 2015-17 i løpet av mai/juni.

Sentrale problemstillingar

I framlegget til langtidsplanleggingsprogram er det fokus på tida fram til og med 2017. Statens vegvesen har også synt kva dei meiner vi kan vente med å planlegge til etter 2017 ut frå gjeldande prioritering. Det er teke utgangspunkt i prioriteringar og marginallister i «Regional transportplan 2014-2023, handlingsprogram 2014-17(23)», ordlyden i vedtaket som Fylkestinget gjorde då dei handsama dette, samt "Rammeavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Statens vegvesen region vest".

Planleggingsprogrammet må tolkast som eit handlingsprogram for planlegging, der dei årlege planleggingsmidlane vert endeleg fordelt i samband med handsaminga av dei årlege budsjetta.

Omtale av prioriteringa

Det er hovudsakleg teke omsyn til følgjande prosjekt:

- Prosjekt som skal gjennomførast i 2014-2017
- Marginalprosjekt.

For åra 2015-17 er vedteken ramme til planlegging 3 mill. 2014-kr pr. år. Midlane til planlegging er så langt ikkje fordelte, det vil bli gjort i årleg sak om fordeling. I framlegget til planleggingsprogram er det nytta fargekodar for å syne kva plannivå og planleggingsår Statens vegvesen meiner er mest aktuelt for dei ulike prosjekta.

Investeringsramma er lita i åra som kjem. Dette gjer det lite aktuelt å starte større planleggingsoppgåver på prosjekt som ligg langt fram i tid. I framlegget til planleggingsprogram er det lagt vekt på å ferdigstille planoppgåver som er sett i gang og halde fokus på skredsikringsprosjekt. Statens vegvesen føreslår å starte reguleringsplan på følgjande nye prosjekt i perioden:

- Fv. 6161 Svelgen – Indrehus
- Fv. 53 Jåteli
- Fv. 55 Kjeneset
- Fv. 609 Heilevang

Desse er markert med rosa i framlegget (vedlegg).

For ein del mindre utbetningsprosjekt kan det vera aktuelt å starte prosjektering og lage tilbodsgrunnlag før det vert løyvd midlar til prosjektet. Dette vil bli vurdert i samband med årleg fordeling av planleggingsmidlar.

Sams vegadministrasjon

Det er lagt til grunn at det hovudsakleg er planlegging etter plan- og bygningslova som skal finansierast med planleggingsmidlar, og at overordna utgreiingar for ein stor del kan finansierast gjennom *sams vegadministrasjon*, innafor ramma i leveranseavtalen mellom Statens vegvesen og fylkeskommunen.

Utgreiingsoppgåver som kan definerast som «Fagleg grunnlag for overordna planlegging, budsjettarbeid og leiing (eksklusive prosjektretta planlegging)» kan dekkast gjennom sams vegadministrasjon.

Andre opplysningar

Vi har fleire prosjekt som ikkje er med, eller er lågt prioritert, i vedteke investeringsprogram eller på marginallista, der kommunar og andre ynskjer at vi skal koma i gang med planlegging. Dette gjeld særleg fv. 60 Grodås – Møre grense, fv. 608 Atløysambandet, Kystvegen og fv. 615 Storebru – Hyen – Sandane. Dei nemnde ferjeavløysingsprosjekta bør likevel vurderast særskild.

Fv. 60 Grodås – Møre grense

Arbeid med reguleringsplan for fv. 60 Grodås – Møre grense vart stansa i 2014. Hornindal kommune ynskjer at arbeidet vert teke opp att. Statens vegvesen meiner det ikkje er naudsynt å sette i gang vidare planarbeid no, då det er tunge investeringar med høgre prioritet på marginallista som må planleggast og finansierast først.

Fv. 608 Atløysambandet

Fylkestinget har vedteke at det skal fremjast eiga sak om ferjeavløysingsmidlar. Atløysambandet er eitt av fleire aktuelle ferjeavløysingsprosjekt. Her er det ikkje klart om det er bru eller tunnel som er det rette alternativet. Rapporten «Fastlandssamband for Atløy. Oppgradert kostnadsoverslag og vurdering av alternativ» frå februar 2012 konkluderer med at endeleg val av alternativ for fastlandssamband for Atløy må gjerast gjennom ein kommunedelplan der det også vert gjort geologiske undersøkingar både for overdekking av tunnel og for fundamentering av bruer. Dersom utgreiing av ferjeavløysingsmidlar syner at desse er i ein slik storleik at dei vil kunne gje eit stort eller vesentleg bidrag til finansiering av vegsambandet, vil dette kunne gjere det enklare å få realisert avløysingsprosjektet. Behovet for auka midlar til planlegging vil i slike tilfelle kunne auke.

Kystvegen

Styret i Kystvegen ynskjer å få lage eit liknande utgreiingsarbeid som det som vart laga mellom anna for fv. 55 Vadheim – Sognefjellet.

Marginallista for investeringsprosjekt består av 9 prosjekt med ein kostnad på over 3,4 mrd. kr. Av desse er det 2 prosjekt på Kystvegen; fv. 616 Svelgen – Indrehus og nytt ferjesamband mellom Rugsundøy og Vemmelsvik. Vi har forstått det slik at det primært er ein kystveg sør for Florø dei ynskjer å få utgreidd no. Dette vil truleg vera eit omfattande arbeid, der ulike alternative trasear må vurderast for fleire delstrekningar.

Fv. 615 Storebru – Hyen – Sandane

Midtvegen 615 AS som arbeider for utbetring av fv. 615, ynskjer at det vert løyvd midlar til å starte arbeid med ein kommunedelplan for utbetring av, eller ny veg, på strekninga Storebru – Hyen. Dei ynskjer eit spleiselag, der kommunane Gloppen og Flora deltek, saman med fylkeskommunen, der fylkeskommunen tek 50 % av kostnaden. Dei legg til grunn ein kostnad på 4 mill. kr for kommunedelplanen.

Utbetring av fylkesveg 615 står på 8. plass på marginallista, med ein kostnad på 800 mill. kr. Som grunnlag for arbeidet med RTP vart det laga ei utgreiing for fv. 615. I denne tilrådde SVV utbetring av 9 delstrekningar, med forslag til prioritet. Dette omfatta tiltak som utbetring av særleg dårleg veg, oppgradering av tunnelar, trafikktrygging for mjuke trafikantar, møteplassar, betring av sikt, masseutskifting og rassikring. Det er dette som ligg til grunn for kostnaden i RTP.

Med dei utsiktene vi har til investeringsmidlar dei komande åra meiner vi det er mest realistisk å få finansiert utbetring av enkelte delstrekningar. I framlegget til planleggingsprogram har vi ikkje føreslege å gå vidare med planlegging i perioden.

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Slik vi ser det i dag, er ramma på 3 mill. kr per år til planlegging tilstrekkeleg. Fordeling av desse midlane blir gjort i årleg sak til hovudutval for Samferdsle. Dersom det vert vedteke å starte planlegging av fleire store prosjekt, må ramma til planlegging aukast.

Plankonsekvensar

Det er ikkje ønskeleg å lage reguleringsplan for tiltak som ligg langt fram i tid. Krav til utforming av veganlegg endrar seg over tid. I tillegg må planane gjennom ny handsaming etter 10 år dersom dei skal nyttast som grunnlag for ekspropriasjon. For tidleg planlegging kan såleis medføre at arbeidet må gjerast fleire gonger før tiltak blir realisert.

3. Konklusjon

Statens vegvesen rår til at planleggingsprogrammet vert vedteke i tråd med tilråding i saka. Dersom fleire store planleggingsprosjekt vert teke inn i planleggingsprogrammet, må dei årlege løyvingane til planlegging aukast. Fordeling av planmidlane blir gjort i årleg sak til hovudutval for Samferdsle.